Til: Leiinga ved Universitetet for miljø og biovitenskap
v/Rektor Knut Hove

Kopi: Leiar i Studienemda, Leiar i Forskingsnemda, Administrerande direktør, Studiedirektøren og Forskingsdirektøren.

Vedtak i sak 177/2004 i Høgskulestyret 9. desember 2004, vedgåande 4-årig tilsetjing for stipendiatar og om prosessen fram mot vedtaket.

Kjære Rektor

Saka

I Høgskulestyret 9. desember vart det gjort eit vedtak som inneber at UMB følgjer UFD sin modell om at tilsetjing av stipendiatar skal vera for 4 år, men legger inn eit reservasjon om at tilsetjingsperioden kan vera kortare dersom økonomiske eller faglege forhold tilseier det. FODOS meiner det er svært uklart kva som ligg i begrepa *økonomisk* og *fagleg* i denne samanheng, og fryktar at kortare tilsetjingsperiode kan bli regelen heller enn unntaket. FODOS skreiv eit *hastebrev* dagen før saka kom opp i HS der vi påpeika viktigheita av at formuleringane blei tydelegare. Vi spurte også HS om å ta omsyn til at vi treng rettferdige ordningar slik at det ikkje er institutters pengepolitikk eller evne til å skaffe pengar som vert avgjerdande. Vi meiner FON hadde eit godt forslag, og var eins med deira framlegg.
Vi viser til omtale i statsbudsjettet som gjer det klart at kortare tilsetjing berre skal kunne brukast i enkelttilfelle:

”Tilsetting av doktorstipendiatar i fire år med eitt årsverk pliktarbeid skal vere hovudmodell for norsk forskarutdanning, også for stipendiatar som vert tilsett ved universitet og høgskolar og har treårig ekstern finansiering. Samla normert studietid frå grunnutdanning til doktorgrad er altså framleis åtte år: «3+2+3», men stipendiatane skal kunne fordele arbeidet med den treårige doktorgradsavhandlinga over fire år, såkalla «(3+1)-tilsetting». Dersom stipendiatar med treårig eksternt stipend ikkje ønskjer fireårig tilsetting med pliktarbeid, skal dei kunne velje å inngå i eit treårig tilsettingsforhold ved utdanningsinstitusjonen. I enkelttilfelle skal også utdanningsinstitusjonane kunne velje å tilby berre treårig tilsetting for doktorstipendiatar."

Vi oppfattar at vedtaket i HS-sak 177/2004 går utover nasjonal norm, og at konsekvensane av vedtaket er lite gjennomtenkte. Vi har difor fire konkrete spørsmål i denne samanheng:

1. Skal Ph.D’er no tilsetjast for 3 år med muleg forlenging til 4 år, eller skal alle i utgangspunktet tilsetjast for 4 år?
Kommentar: Vi ser ikkje heilt for oss kva vedtaket inneber for planlegginga av eit Ph.D-studium. Både Ph.D-forskriften og den faglege delen av kvalitetsikringsystemet som FODOS har ’skreddarsydd’ for Universitetet (enno ikkje vedtatt), går utifrå at ein allereie tidleg må vite kor lang tid ein skal bruke på gjennomføringa av forskarutdanninga. I vedtaket (HS-sak 177/2004) står det at tilsetjinga skal skje saman med milepælar for framdrift. Er dette ein enno ein ny plan ein skal levera inn (altså meir byråkrati)? Ei tilsetjing skal vel skje frå dag 1 og då har ingen klar studieplanen som først skal vera godkjent innan 6 månader. Vi ser for oss at ein utfyllande bestemming til forskrifta seier at tilsetjing skal vera for 4 år, med eventuelle spesifiseringar (sjå spørsmål 3 og 4).

2. Kva betyr vedtaket for dei som har starta Ph.D utdanninga før dette vedtaket?
Kommentar: Har vedtaket ein tilbakeverkande kraft, og/eller har styret og leiinga ein plan for dei som har blitt tilsett som 3årige Ph.D’er (stort sett siste to år) og fram til det noverande vedtaket. FODOS ser nødvendigheita av ei oppmoding frå Universitetsleiinga til alle instituttar om å arbeide for lengre tilsetjingar for desse stipendiatene.

3. Kva betyr 'økonomiske' forhold, og kva betyr det ikkje?
Kommentar: Vil dette seie at Ph.D'er som har dyktige instituttleiingar og klarer å finansiere det 4 året, vil få slike tilsetjingar medan dei som ikkje har like flinke folk til å hjelpa seg vil få kortare tilsetjingsperiodar? Har UMB oversikt over kor mykje av produksjonen til Ph.D'er som vert levert i år 4 av ein tilsetjingsperiode, og kva dette betyr fagleg og økonomisk for institutta og Universitetet i heilheit.

4. Kva betyr 'faglege' forhold, og kva betyr det ikkje?
Kommentar: Legg ein her opp til ein fleksibilitet i forhold til t.d. mengda felt- og labarbeid som trengs i ein avhandling, eller er det andre kriteria som ligg til grunn?

Prosessen

Gjennom FON, som behandla saka før den kom til HS, har stipendiatane ei stemme gjennom FODOS sin eine representant. FON gjekk inn for ein modell som var rettferdig for alle stipendiatar. Så vidt vi kan sjå har institutta gjennom rektor si leiargruppe endra på denne modellen som HS har vedtatt. FODOS har ikkje fått kome med innspel, anna enn gjennom FON, då vi ikkje direkte har blitt konferert i denne for oss og UMB så viktige sak. Vi har inga stemme i Rektor si leiargruppe eller i Universitetsstyret. FODOS meiner at dette er udemokratisk og vil difor gjerne få overbringe våre meiningar. I samband med denne prosessen og framtidige saker, vil vi gjerne få stille to spørsmål til:

5. Vil FODOS få mulegheita til å uttale seg i god tid før viktige saker som gjeld oss i framtida?
Kommentar: FODOS er veldig glade både for den støtta vi får økonomisk og den skryt vi får av Universitetet si leiing og administrasjon. Vi føler likevel at FODOS sjeldan får gjennomslag for våre synspunkt i viktige saker som gjeld stipendiatar. Dette er frustrerande for oss som engasjerer oss, og kan over lengre tid føre til at færre vil bruke kostbar tid på eit slikt engasjement. Vi er kritisk til den prosessen som førte fram til vedtak i sak 177/2004, der det demokratisk funderte FON-framlegget blir tilsidesett av rektors leiargruppe. Vi ber om ei forklaring på denne og liknande prosessar.

6. Korleis skal representanten for mellombels tilsette rekrutterast til Universitetsstyret?
Kommentar: Vår stemme i det skjøre moderne akademiske demokrati er relativ liten i forhold til vårt antall og vår betydning for forskinga og undervisninga på UMB. Dersom vi skal få kunne sagt vårt må vi også vera tilstades der det skjer. HS-sak 113/2004 slår så vidt vi forstår fast at dei melloombels tilsette skal vera representert. Vert FODOS kontakta i denne samanheng.

Vi håper at vi gjennom dette brevet kan få eit skriftleg svar, samt eit møte med Rektor og eventuelt andre som er sentrale for få ein avklaring i desse viktige spørsmåla. Vidare ser vi viktigheita av at dei oppklaringane som kjem av eit slikt møte enten fører fram til eit nytt vedtak eller klare retningsliner for institutta.

Med vennleg helsing

FODOS
v/ Leiar Jon Volden
FON-representant Berit Hauger Lindstad
SN-representant Stein Joar Hegland